



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

N V E

S-09-01

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Middelthuns gate 29
Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Vår dato: 17 MAR 2009
Vår ref.: NVE 200704006-35 rv/ias
Arkiv: 317 /059.2B
Dykkar dato: 15.08.2008
Dykkar ref.: 08/00087-3

Sakshandsamar:
Ivar Sægrov
57 83 36 72

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Alsaker Fjordbruk AS (Salar Bruk AS), Rylandsvassdraget i Meland kommune Hordaland – klage på utført arbeid og tolking av konsesjonsvilkår

Vi viser til brev frå OED av 15.08.2008 der det blir konkludert med at NVE må handsame saka med sikte på å finne ei løysing som tek vare på omsynet til ålmenta og tiltakshavar ut frå tilhøva i vassdraget no.

Det er NVE si vurdering at tiltaka som no er gjennomført frå konsesjonæren si side, jf. omtale i brev datert 28.10.2008 og 20.01.2009 frå Salar Smolt AS v/Advokatfirmaet Rasmussen & Broch, i rimeleg grad betrar situasjonen i høve til slik den kunne oppfattast rett etter at utbygginga var gjennomført.

Utvida tiltak som overfylling/attfylling av delar av kanalstrekninga med lausmassar, vil kunne gje uheldige verknader på vasstandstilhøve i Rylandsvatnet ved flaum, og NVE finn ikkje å kunne tilrå eit slikt tiltak. NVE kan heller ikkje tilrå ytterlegare senkingstiltak for å legge vassleidningen til eit nivå under kanalbotnen.

Bakgrunn/vurderingsgrunnlag

Midtre Holsnøy grunneigarlag framsette i brev, datert 06.06.07, til Olje- og energidepartementet klage på NVE si tolking av vilkåra i konsesjonen til vassuttak i Rylandsvassdraget. Klaga vart, med brev frå OED av 20.06.2007, oversendt til NVE for innleiande handsaming. NVE kommenterte klaga i brev til departementet den 07.12.2007.

NVE har oppfatta brevet frå OED av 15.08.2008 slik at departementet ynskjer ei meir utfyllande vurdering av kva som kan bidra til ei løysing som tek vare på omsynet til ålmenta og tilakshavar sine interessar. Ei evt. løysing skal være basert på situasjonen i vassdraget no.

Situasjonen pr. 15. august 2008 var at den aktuelle vassleidningen var etablert og ligg forankra på botnen av elvelona/kanalen mellom Rylandsvatnet og ned mot dammen ovanfor settefiskanlegget. Dammen er etablert med utforming og dimensjonering basert på ei hydraulisk modellering av vassdraget. Den hydrauliske modelleringa var eit krav til konsesjonæren for å kunne fastlegge og planlegge omfanget av tiltaka i elvelona og utforming av dammen som er avgjerande for vasstanden i

Rylandsvatnet. Overlaupsbreidda på dammen, kotehøgde og profilar av lonepartiet frå dammen og opp forbi vegbrua, var nøkkelmoment for ei løysing som skulle bidra til å halde ein meir stabil vasstand i Rylandsvatnet og unngå høge og hyppige flaumvasstandar.

Oppfølging frå konsesjonæren

Med grunnlag i departementet sitt brev av 15.8.2008 har tiltakshavar/konsesjonær etter eige initiativ gjeve utfyllande informasjon i saka gjennom:

- I. Brev av 28. oktober 2008 vedlagt aktuell dokumentasjon frå rådgjevande ingeniør og utførande entreprenør.
- II. Brev av 20.01.2009 vedlagt bildedokumentasjon på situasjonen no og erklæring frå grunneigarar på den aktuelle vassdragstrekninga.

Tiltaket som konsesjonæren har utført for å dempe den visuelle opplevinga av inntaksleidningen er omtalt slik på side 2 i brev av 20.01.2009: "*--- Det er festet sorte vannbestandige lerretsremser rundt samtlige av de stropper som tidligere var synlige, og det går fram av vedlagte fotoserie at stroppene ikke lenger er synlige. Vi viser for øvrig til at fotoserien er tatt i januar da vannet er svært klart, og de bilder der ledningen kan sees er tatt på kloss hold nær vannflaten.*"

Det går fram av konsesjonæren sin dokumentasjon at det ligg føre erklæring frå alle grunneigarar som er direkte berørt av arealbruk knytt til legging av den aktuelle vassleidningen til settefiskanlegget. Desse grunneigarane presiserer at dei ikkje har merknader til måten leidningen er lagt ned på og at dei ikkje er partar i klagesaka. NVE ber om at departementet tek stilling til om denne dokumentasjonen frå konsesjonæren kan ha noko å seie for Midtre Holsnøy grunneigarlag sin partsinteresse i klagesaka.

Konsesjonssaka

Frå handsaming av konsesjonssaka refererer vi:

Tilråding frå Meland kommune (kommunestyret 15.11.1999):

Kommunestyret kan tilrå utvida konsesjon i samsvar med søknad dagsett 22.04.99 på følgjande vilkår:

- 1) *Den omsøkte leidningen skal sprengjast/gravast ned i elveutløpet slik at den ikkje vert synleg frå land*
- 2) *Det skal fastsetjast ei øvre og ei nedre grense for regulering av vasstanden i vassdraget gjennom eit samarbeid med NVE. Ei slik avtale skal ta omsyn til LNF-interessane i vassdraget*
- 3) *Det skal takast omsyn til eksisterande leidningar i vassdraget ved framføring/legging av omsøkt leidning*
- 4) *Det skal til ei kvar tid vere eit vasspeil i elveutløpet av Rylandsvatnet og fram til demning ved oppdrettsanlegget*
- 5) *Før ein set i verk fysiske tiltak i vassdraget skal det søkjast om igangsettingsløyve etter pbl, samt dispensasjon §17-2 i same lov."*

Tilråding frå Vasslaget av 1974 om avbøtende tiltak/vilkår (brev datert 30.11.00 frå Advokatfirmaet WESENBERG, KOMNES & SÆTRE ANS):

"Avbøtende tiltak/vilkår

Vasslaget av 1974 har ikke innsigelser til at søker innvilges konsesjon. Det er etter grunneierne oppfatning positivt at bruken og reguleringen av vassdraget kommer under offentlig kontroll. I tillegg til forslaget til vilkår som er oppstilt i brev av 08.03.2000 fra fylkesmannen i Hordaland, ser grunneierne behov for:

- 1) Det må fastsettes manøvreringsreglement som omfatter så vel Storavatnet, Bjørndalsvatn og Rylandsvatn, jf vl § 127 nr 1
- 2) Det må fastsettes øvre og nedre reguleringshøyde også i Rylandsvatnet
- 3) Det etableres fastmerker for høyeste og laveste reguleringshøyde i samtlige tre vann
- 4) Demning og tappeluke ved utløpet av Rylandsvatnet må anordnes slik at det gis en effektiv mulighet for å sikre at øvre reguleringshøyde i dette vatnet kan overholdes
- 5) Søker/tiltakhaver bør pålegges å renske opp kanalen frem til utløpet av Rylandsvatnet, eventuelt pålegges å foreta senking av denne for å unngå fare for oppstuvning i flomperioder.

Videre forutsetter grunneierne at konsekvensene av søknaden om å etablere vassinntaksledning blir utredet. Med de opplysninger søker selv har gitt om eget vannbehov og vannstanden i nedre del av vassdraget, fremstår et slikt tiltak som unødvendig. Dimensjoneringen av uttaksledningen er imidlertid av slikt omfang at også denne siden av saken må vurderes.”

Frå uttale til søknaden frå Midtre Holsnøy grunneigarlag i brev datert 19.11.2000:

”Me vil påpeika at det sidan 1962 har skjedd ein betydeleg endring av utløpa frå Rylandsvatnet. I mølletida var her eit ekstra laup som starta ovanfor noverande inntak og som munna ut sørvest for mølla. Det vart blant anna nytta ved fløting av tømmer. Her kan anadrom fisk ha gått opp. Dette utløpet er i dag stengt. I hovudlaupet er det, i forbindelse med dei gamle fiskekummane, bygd ein demning. Ein kan gå ut frå at hovudelva opprinnelig har hatt ein jevn stigning som var 10 m på ca. 15 m. Me trur at det i dag kunne vore mogleg for anadrom fisk å gå opp i vassdraget dersom demninga ikkje hadde sperra for dette.

Det kjem fram i punkt 6 at Rylandsvatnet ikkje er regulert. Me er kjend med at det til tider er flaum-problem i Rylandsvatn. Vasstanden kan auka og minka mykje på kort tid. Problema består i at bønder ikkje får drenert jordbruksareala sine avdi vasstanden til tider er høgare enn utlaup frå grøfter”.

Frå NVE si vurdering i konsesjonssaka (Bakgrunn for vedtak side 18):

”Demninga i utløpet av Rylandsvatnet har ved framføring av ny inntaksledning til anlegget ingen reell funksjon for anlegget. Ein vil difor foreslå at dammen vert bygt om til ein terskel med fast overløp. Overløpet må dimensjonerast slik at det kan ta imot flaumvatn frå Storavatnet utan å gje ulempe for lågtliggande jordbruksareal rundt Rylandsvatnet. Vatnet skal ikkje senkast under utløpsterskelen, men halde vassnivået mellom utløpet av Rylandsvatnet og overløpsterskelen. Om sprenging og opprensning er naudsynt ved framføring av vassledning, og for å unngå overfløyming grunna oppstuvning langs Rylandsvatnet, bør verte avklart ved å køyre ei hydraulisk modellering av vassdraget. Modelleringa vil fastsetje høgda på overløpsterskelen.

Ny inntaksledning er planlagt etablert i elveløpet mellom Rylandsvatnet og anlegget. Under høyring kom det fram at det ikkje er utgreidd kva konsekvensar leidinga vil ha for LRV i

Rylandsvatnet. Etablering av ein fast overløpsterskel i utløpet av Rylandsvatnet vil avgjere vasstanden i området. Vasstanden over overløpsterskelen vil variere med dei naturlege forholda. Det er dessutan sett krav om at leidninga skal gravast ned/sprengjast ned slik at ho ikkje vert synleg for ålmenta. Om konklusjon gjennom detaljplan for overløpsterskel og legging av leidning syner det naudsynt, kan det verte aktuelt å mellombels halde ein lågare vasstand i Rylansvatnet ved gjennomføring av anleggsarbeid. Detaljar omkring dette arbeidet må avklarast gjennom godkjenning av detaljplanar.

For tiltaka nemnd ovanfor skal detaljerte planar for utforming og utføring leggjast fram for NVE for godkjenning, jf. vilkåra.

I høve til innkomne merknader finn NVE at det ikkje er vesentlege merknader til at regulering og vassuttak vert utført i samsvar med søknaden. Negative verknader for ålmenta sine interesser vert etter ei samla vurdering av skader og ulemper vurdert som akseptable i høve til den samla nytta som tiltaket vil gje”

NVE sine kommentarar til vilkåra i konsesjonen (-Utløpet av Rylandsvatnet, side 19)

- 6) Demninga ved utløpet av Rylandsvatnet skal byggjast om til ein fast overløpsterskel
- 7) Vasstanden i Rylandsvatnet må fastsetjast. Denne skal basere seg på ei hydraulisk modellering av vassdraget. Ei eventuell oppreinsking av strekninga mellom utløp Rylandsvatn og munningsområde i Rosslandspollen skal òg avgjerast på denne bakgrunn.

(- Vassuttak frå Rylandsvatnet, side 19)

- 8) Leidninga skal sprengjast/gravast ned i elveløpet slik at ho ikkje vert synleg
- 9) Ved framføring skal ein ta omsyn til eksisterande leidningar i området

NVE sin godkjenning av detaljplan basert på den hydrauliske modelleringa (brev av 18.03.2005)

”Salar Smolt AS – Regulering av Rylandsvassdraget. Godkjenning av planer for byggetrinn 1 og 2

Norkonsult har lagt fram plan for byggetrinn 1 og 2 for regulering av Rylandsvassdraget. Planen godkjennes under gitte forutsetninger. Reguleringen av Rylandsvassdraget er innanfor rammene av reguleringsløyvet av 7/9/2001.

Ut i fra den hydrauliske modelleringen av Rylandsvassdraget ble rammene for reguleringen satt i vårt brev av 1/10/2004. For Rylandsvatnet innebærer dette at avløpsforholdene skal være tilstrekkelige til at en 100-års flom i vassdraget ikke medfører høyere oppstuvning av vannstanden enn til kote 9,70. Overløpsterskelen på dammen skal ligge på kote 8,70.

Byggetrinn 1: Dam Rylandsvatn

Det er lagt fram plan for bygging av ny dam. Vi har kontrollregnet overløpskapasiteten for damkonstruksjonen, og kommet til at en dimensjonerende 100-års flom med kulminasjon på 9,8 m³/s, vil gi en overløpshøyde på 50 cm.

Vedtak:

Byggetrinn 1 godkjennes under forutsetning av at overløpskanten utformes avrundet, med kurveradius 15 cm. Innløpet til rennen må også avrundes.

Byggetrinn 2: Opprensning av tilførskanalen

*Det er lagt fram plan for utviding av den naturlige kanalen mellom dammen og Rylandsvatnet. Denne utvidelsen skal sørge for at vannstanden i vatnet ved en 100-års flom ikke overstiger kote 9,70, med de gitte overløpsforholdene på dammen. Beregningsmetoden som er benyttet for å dokumentere virkningen av opprensningen er ikke den samme som ble benyttet i rapporten *Hydraulisk modellering av Rylandsvassdraget*. For direkte å kunne vurdere virkningen av opprensningstiltakene må samme hydrauliske beregningsmodell benyttes, som i rapporten.*

Vedtak:

Byggetrinn 2 godkjennes under følgende forutsetning: Når arbeidene er utført skal nye tverrprofiler opptas, og en ny vannlinjeberegning legges fram, som dokumenterer vannstanden i Rylandsvatnet ved en 100-års flom. Mike 11 fra DHI Water & Environment skal benyttes som hydraulisk beregningsmodellen. Frist for innsending av dokumentasjon er 1 år fra ferdigstillelsen av byggetrinn 2.

Grunngiving

Vedtakene baserer seg på at vi vurderer tiltakene i byggetrinn 1 og 2 til å være innenfor rammen gitt i Løyvet av 7.9.2001. Tiltakene virker i betydelig grad flomdempende på vannstanden i Rylandsvatnet. Vi minner om at vedtakene er gjort i forhold til allmenne interesser i vassdraget. Tiltakshaver må selv ordne de privatrettslige forholdene.”

Oppsummering

Hydrauliske tilhøve og anleggsutføring ved legging av inntaksleidningen

Tekniske planar for leidningstraseen med dokumentasjon frå utførande entreprenørar samt bildedokumentasjon frå anleggsarbeidet og situasjonen frå før tiltaket vart starta opp, viser at det vart gjennomført eit omfattande arbeid for å få leidningen ned til det nivå den no er lagt på. Anleggsarbeidet vart gjennomført med utkøyring av massar og nedsprenning i botnen med utviding av trange parti (basert på den hydrauliske modelleringa). Forbi vegbrua vart utviding og nedsprenning gjennomført i eit omfang som vart vurdert som forsvarleg utan at det skulle vere fåre for at brua kunne rase saman.

Målsettinga med det omfattande tiltaket var

1. å utvide kanalprofilet for å redusere frekvensen av høge flaumvasstandar i Rylandsvatnet og
2. få vassleidningen ned under vassyta, jf. her særutskrift frå formannskap i Meland kommune sin uttale av 04.04.2001 til konsesjonssøknaden:

" ..Leidningen må truleg sprengjast ned gjennom terskel ved utløpet av Rylandsvatnet for at den skal verta liggjande under vasspegelen i vatnet. Kommunen må forutsetja at dette tiltaket vert gjennomført på ein slik måte at lågaste vasstand i Rylandsvatnet ikkje vert endra." og

3. gjennomføre tiltaket slik at lågvasstanden i Rylandsvatnet ikkje vart permanent senka.

Situasjonen før gjennomføring og som det vart peika på gjennom fråsegner til konsesjonssøknaden, var at utløpet av Rylandsvatnet og lonepartiet ned mot dammen var grodd kraftig til med vegetasjon. Der var og fylt ut ein del steinmassar i samband med byggjearbeid langs med elveutløpet. Det vart i fråsegner gjeve klare innspel på at det var ynskjeleg at det vart føreteke oppreinsking i dette området.

NVE vurderte det slik at det var nødvendig med ei hydraulisk modellering for å klarlegge tilhøva og det vart gitt klare føringar i konsesjonen for at ei hydraulisk modellering skulle gjennomførast. Resultatet av dette arbeidet vart eit relativt omfattande anleggsarbeid med utviding av kanalen for å kunne plassere vassleidningen og samstundes betre avrenningsforholda frå Rylandsvatnet.

Omfang, situasjon og årsakssamanhengar som gjorde det nødvendig med utgraving av massar og utviding av fjellprofil i elvelona frå Rylandsvatnet og nedover til demninga er i tillegg til den hydrauliske modelleringa, m.a. dokumentert i bilder (vedlegg til dette dokumentet).


Tildekking/overfylling av rørleidningen

Tildekking/overfylling av leidningen, som har ein diameter på 1 meter, vil kunne gjere den mindre synleg, men det er NVE si vurdering at det ikkje er noko god løysing å berre dekke til leidningen. Eit slikt tiltak må evt. gjennomførast slik at det blir fylt ut masse på delar av kanalstrekninga slik at overfyllinga blir heva over normalvasstanden og kopla saman med landsida. Reint landskapsmessig vil resultatet av eit slikt tiltak kunne bli bra. Ved å gjennomføre ei slik løysing vil det, som drøfta ovafor, endre situasjonen som er etablert i høve til å få redusert frekvensen av høge flaumvasstandar.


Demping av uheldige flaumtilhøve i Rylandsvatnet har vore eit sterkt fokusert tema i saka og har såleis vore ein del av målsettinga om å få til ei løysing der fleire aktuelle omsyn kunne ivaretakast best mogleg.

Det er NVE si oppfatning at tiltaket er gjennomført i samsvar med dei mål i høve til ålmenne interesser som var nedfelt i konsesjonen. Å gjennomføre endå meir omfattande anleggsverksemd med nedsprengeing og utgraving av massar vil etter NVE si vurdering vere eit urimeleg kostbart og svært omfattande arbeid.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Jon Arne Eie
seksjonssjef

Vedlegg: Brev datert 28.10.2008 frå Advokatfirmaet RASMUSSEN & BROCH

Brev datert 20.01.2009 " " "

Bilder vedlagt dei 2 breva



Kopi:

Alsaker Fjordbruk AS (Salar Smolt), 5694 Onarheim
Midtre Holsnøy Grunneigarlag, v/Bjarte Skintveit, Steinberget, 5917 Rosslund
Vasslaget av 1974 for Rylandsvassdraget, v/Lars Skintveit, 5917 Rosslund
Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug
Advokatfirmaet RASMUSSEN & BROCH v/Agnar E. Sundbotten, Postb. 4154 Dreggen,
5835 Bergen